



AVINOR



TAL OG FAKTA

OM LUFTFART

Viktigaste kollektive transportmiddel for reiser over 300 km

30 % av alle turistar til Noreg kjem med fly

Speler ei avgjerande rolle for norsk næringsliv

13 % av alle innanriks flyreiser er knytte til olje- og gasssektoren

+ 550.000 helikopterreiser per år



Har ei fundamental rolle for helsesektoren,
særleg i Nord-Noreg:

400.000 pasientreiser årleg
med rutefly, i tillegg til ei rekkje oppdrag
med helikopter og ambulansfly

20 % av flyreisene med
Widerøe til/frå Bodø og Tromsø
har medisinske årsaker

Luftfart er av stor betydning for distriktsutviklinga i Noreg:

Gjer landsomfremnande
kultur- og sportsaktivitetar
moglege

Viktig for totalforsvar
og beredskap

TALL OG FAKTA OM AVINOR

Det er årleg rundt

40 millioner
passasjerar ved Avinors flyplassar

Avinor har omkring

800 000 flybevegelsar
per år

Det er om lag

3000 tilsette
i selskapet

Avinor er eit

aksjeselskap
100 prosent eigd av staten

Avinor er

sjølvfinansiert
og får ingen faste statlege tilskot

Inntektene blir fordelte mellom
trafikkinntekter frå flyselskapa
og kommersiell verksemd
på flyplassane

4 av 46 flyplassar går med overskot
(OSL, Stavanger, Bergen og Trond-
heim) og subsidierer dei andre

Lufttrafikktjenesta blir driven til
sjølvkost

Utgifter til security blir dekt av
securityavgifta



HER ER AVINOR

● Flyplass

● Andre stader for tårn og kontrollsentraler



AVINOR SINE OPPGÅVER

1 TÅRN

Flygeleiarar i kontrolltårna held kontroll med fly på bakken og i luftrommet rundt flyplassane. På kortbanenettet er det AFIS-fullmektigar, og ikkje flygeleiarar, som utfører denne jobben. Hovudverktøyet for åtskiljing av fly i tårnkontroll og flygeinformasjon i AFIS er visuelle referansar.

Kontrolltårna og AFIS-tårna har mykje teknisk utstyr for bla navigasjon, kommunikasjon og meteorologi. Ingeniørane i flynavigasjonstenesta utfører drift og vedlikehald av desse. Flygeleiarar ved innflygingskontrollen har ansvar for flya til og frå flyplassane i Noreg. Innflygingskontrollen kan anten liggje på flyplassen saman med tårnet, eller ved ein av kontrollsentralane i landet. Hovudverktøyet for åtskiljing er radar. Ingeniørane i flynavigasjonstenesta utfører drift og vedlikehald av desse.

2 BAKKETENESTA

Før eit fly kan lande eller ta av i snøvær, må ein eller fleire brøytebilar rydde rullebana. Deretter køyrer ein ny bil ut på rullebana, denne gongen for å leggje ut kjemikalier som fjernar is, eller strø

med sand. Til slutt kjem ein mindre bil, gjerne med ein liten tilhengjar på slep, for å måle om det er nok friksjon for å kunne lande eller ta av sikkert.

3 TERMINALBYGG

I terminalbygget arbeider Avinor-tilsette saman med ei rekkje andre verksemdar på ulike område. Éi av oppgåvene er å vidareutvikle dei kommersielle tilboda som duty-free, serveringsstader og butikkar. Avinor leiger ut areal i terminalen til slike føremål. Avinor har også ansvar for drift og vedlikehald av terminalen.

4 RADAR

Flynavigasjonstenesta har ansvar for drift og vedlikehald av utstyr for kommunikasjon, navigasjon, overvaking og flytrafikkontroll. Bruk av radar er eitt viktig verktøy i arbeidet for ei effektiv, sikker og smidig avviking av flytrafikken. Avinor har eit radarprogram med bygging av totalt ti nye radarar frå 2006 til 2012. Dette skal sikre full radardekning i det norske luftrommet.

5 SIKKERHEIT

Sikkerheit for passasjerar, flypersonale og eigne tilsette har høgste prioritet. Avinor har ansvaret for at gjennomføringa av sikkerheitskontroll følgjer aktuelle retningslinjer. Arbeidet med å effektivisere sikkerheitskontrollen og oppgradere teknisk utstyr går føre seg kontinuerleg.

6 BAGASJE

Ved dei fleste lufthamner er det handlingselskap som køyrer den vesle bilen med bagasjetraller. Målet er å få bagasjen i hus samtidig med passasjerer. Koffertar og bagar blir tekne ut av flyet, frakta i trallene og køyrde til bagasjebanda.

7 KONTROLLSENTRAL

Ansvar for flya undervegs mellom flyplassane har flygeleiarane ved kontrollsentralane til Avinor. Desse er lokaliserte i Bodø, Stavanger og Røyken. Hovudverktøyet for åtskiljing er radar, men kontrollsentralane har mange sofistikerte datasystem som sikrar at flya får den best tilgjengelege ruta, i den mest optimale flygehøgda. Ingeniørane i flynavigasjonstenesta utfører drift, vedlikehald og vidareutvikling av datasystema.

8 BRANN OG REDNING


Tilsette innan brann- og redningstenesta har særskilte viktige oppgåver knytte til å redde menneskeliv og avgrense materielle skadar ved flyulukker. Tenesta er også i beredskap i høve til andre brannar og ulukker på lufthamna, og yter i mange tilfelle hjelp til passasjerar som treng førstehjelp.

9 MILJØ

Luffarta fyller eit viktig samfunnsbehov som kollektivtransport over lange avstandar, men som all annan transport påverkar også luffarta miljøet negativt. Vi prøver å redusere påverknaden mest mogleg. Viktige område for å sikre berekraftig luffart er reduksjon av støy, klimautslipp, avfall og utslipp til vatn og grunn.

10 FUGLAR OG ANNA VILT

Kan vere ein risiko for flytrafikken. Avinor gjennomfører ei rekkje tiltak for å redusere risikoen og bruker blant anna ornitologisk ekspertise for at tiltaka skal ha best mogleg effekt. Om ein elg eller eit anna stort dyr legg sin elsk på rullebana, blir Viltneimda tilkalla.



Saman for framtidens luftfart

www.avinor.no

Sentralbord: 815 30 550

Besøksadresse hovedkontoret: Oslo Atrium, Christian Frederiks plass 6, 0154 OSLO

Postadresse: Postboks 150 2061 Gardermoen

